

Til grunneigarar

21.12.2020

Orientering om vidareføring av planarbeidet for Keilevegen Næringsområde - Detaljreguleringsplan

PlanID: 1263-201506, saksnr. 15/883 (Alver kommune).

PlanID: 1263-201506, saksnr. 20/4951 (Austrheim kommune).

Det vert vist til oppstart av planarbeid for Keilevegen Næringsområde som vart gjennomført i september 2015. Planarbeidet vart satt på vent med bakgrunn i at tilgrensande næringsområde i nordvest N41 og 42 og reguleringsplan for oljerør for Johan Sverdrup vart stoppa (i 2017). Reguleringsplan for Kaland næringsområde starta opp igjen 2019 og er nå vedtatt, og ein ser det derfor som naturleg å ta opp igjen planlegginga av Keilevegen Næringsområde i Austrheim og Alver kommunar. Mongstad Vekst AS v/Børge Brundtland er forslagsstillar og ABO Plan & Arkitektur AS er plankonsulent.

Bakgrunnen for planarbeidet er å leggje til rette for industriområde langs Keilevegen, som vist i kommuneplanane for Alver og Austrheim kommunar. Dette gjeld industriområde N40 i kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes i Austrheim kommune, og industriområde N3 i kommunedelplan Lindåsneset med Mongstad i Alver kommune. BI1-BI3 er regulert til industri. Utnyttingsgrad er sett til 50 % BYA. Maks byggehøgde er 18-25 m over gjennomsnittleg planert terreng.

Planarbeidet vart starta opp att i mars 2020 og det er til no utarbeida plankart, reguleringsføresegner, planomtale og ROS-analyse. Vi har gjennomført undervegs møte med kommunane 10.12.2020. Dei foreløpige plandokumenta er tilgjengeleg på ABO Plan & Arkitektur AS si heimeside: www.abo-ark.no. Merknadane som kom inn til planen i 2015, med kommentarar frå Muliconsult er også på nettsida. Det er viktig å ta atterhald om at planforslaget/dokumenta slik dei er i dag, ikkje er heilt ferdig utarbeidd. Det kan gjerast endringar før førstegangshandsaming. Det skal m.a. utarbeidast ein VA-rammeplan og illustrasjonsplan og plandokumenta skal endrast etter tilbakemeldingar som kom fram i undevegsmøte med Austrheim og Alver kommune.

Eventuelle spørsmål kan rettast til ABO Plan & Arkitektur AS:

e-post: post@abo-ark.no

Innspel til orienteringa kan sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur AS v/ Arne Kristian Kolstad

Postboks 291
5203 Os
e-post: offentlig.ettersyn@abo-ark.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av innspel og merknader til Alver og Austrheim kommune, dette vil bli ivareteke av ABO Plan & Arkitektur AS. Alle mottatte dokument, innspel o.l. blir sendt samla til kommunen saman med planforslaget.

Frist for innspel er sett til 15.01.2021

Etter at fristen for innspel er gått ut, vil planforslaget bli fullstendig utarbeida og oversendt Austrheim og Alver kommune for handsaming. Etter 1. gongs handsaming vil planforslaget bli sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn. Det vil då være mogleg å framsette merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Med venleg helsing
ABO Plan & Arkitektur AS

Arne Kristian Kolstad

Vedlegg 1: Utsnitt plankart

